



VIS SEG FRAM: Florø MC Klubb viste fram motorsyklane sine då dei køyde gjennom gatene i Florø laurdag formiddag.



HAUKÅVATNET: Anna Halvorsen (12) står stolt ved faren sin Harley Davidson.

## Florø MC Kl

**FLORØ:** Det braka laus  
frå motorar då Florø MC  
Klubb laurdag feira sitt  
35-årsjubileum.

MONA EIDE ONSTAD  
[redaksjonen@fidaposten.no](mailto:redaksjonen@fidaposten.no)

Det heile starta med ein koyretur gjennom byen for å vise fram dei tunge motorsyklane. Tilskodarar beskrev det som eit imponerande syn då dei cruisa gjennom Strandgata.

Vidare køyde dei til Haukåvatnet ved Brudesløret. Der vart det servering av god kaffi og mørstring av dei 24 motorsyklane som stod parkerte. Klokka sju på kvelden fyrtre dei opp grillen, og seinare sørget

lokale band for mykje bra musikk. Stemninga var upåkla-geleg, og formann Roy Standal er storfornøgd med resultatet.

– Det var eit veldig bra arrangement, smilte han. Roy Standal legg stor vekt på at klubben er open for alle.

– Alle er velkomme, om ein har lett eller tung motorsykkel, om ein er mann eller kvinne. Klubben er open for alle, stadfestar Standal. Han passar òg på å få med at det hadde vore flott med nye unge medlemmer som kunne komme inn i miljøet og lære av dei meir erfarte.

### Ulike arrangement

Dei har ulike arrangement utover året, men ville helst hatt meir.



Alle foto: Mona Eide Onstad

# Floro MC Klubb feira 35 år

– Vi har nokre småturar, som til Hoyanger, der nesten heile klubben er med, smiler Solveig Willis, einaste kvinnelege medlem av Floro MC Klubb. Dei arrangerer også tre eller fire lengre turar i året der oppmøtet ligg på rundt fem. Der tek enkeltpersonar initiativ til køyreturar, og inviterer andre med seg. Dei har tatt turar til Skånevik og Jessheim, men også lengre som til Nord-Norge.

## Oppstarten

For 35 år sia var det fleire som koyrde motorsyklar i Floro. Dei var alle uorganiserte, og kjende seg til tider uglesett av samfunnet rundt seg. Nokre motorsykkelentusiastar vart då samde om å starte Floro MC Klubb.

– Saman er vi sterke, seier Atle Kvellestad som var med å starte klubben. Dei danna eit fellesskap og eit sosialt samlepunkt.

## Køyreglede

– Det finst fleire grunnat til at eg er så glad i å koyre motorsykkelen. Nummer ein er at det er eit veldig hendig køyretøy, seier Kvellestad. – Nummer to er at eg har ei enorm køyreglede, legg han til.

– Og friheitskjensla, stemmer dei andre rundt han i. Det er ei herleg kjensle å koyre når alt er så ope rundt deg. Då kjänner du deg verkeleg fri.

Dei legg også stor vekt på at å koyre motorsykkel er svært miljøvennleg. Dei veg mindre enn

bilar, og forureinar derfor også mindre. – Det er eit helt nødvendig køyretøy i store delar av verda, opplyser æresmedlemmen Olav Tveranger. Han refererer til Thailand, eit land som han meiner er heilt avhengig av motorsyklar og scooterar.

– Det hadde ikkje gått dersom alle dei skulle koyrt bil, humrar han.

## Yngst

Den yngste som var med på turen til Haukåvatnet var 12 år gamle Anna Halvorsen. Ho sat på med faren sin på ein Harley Davidson. Ho har sett på med motorsykkel heilt sida ho var fire år gammal. – Det er veldig gøy, smiler Anna. Ho har sjølv lyst på motorsykkel når ho blir eldre.



HAUKÅVATNET: Pause på rastepllassen

Foto: Mona Eide Onstad



GOD STEMNING: Lokale band skapte god stemning.



FESTPLASSEN: Klar for kvelden.



HAUKÅVATNET: Motorsyklar på rekke og rad.